



Fornøgd gjeng med beviset på prisen dei vart tildelt. F.v. Agnieszka, Bente, Gunn Mari, Inger og Kjersti.

Under ei Spar-samling i Oslo vart Spar Uskedalen kåra til regionsvinnar (Region Vest) som årets servicebutikk 2015. Det vart ein stor kveld for Spar-butikkane i Kvinnherad då Eurospar Rosendal gjekk heilt til topps som årets service-butikk for heile landet. Utruleg sterkt av Kvinnheradsbutikkane i konkurranse med alle Spar-butikkane.

Det var altså i samband med ei Spar-samling i Oslo at prisutdelingane fann stad onsdag kveld. Representantar frå 300 Spar-butikkar frå heile landet var samla til kurs, og Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg var utsendingar frå Uskedalen.

Bente Nilsen er svært stolt av at dei kunne koma heim med pris også denne gongen. Vinnarane vert kåra utifrå ulike kriteria, og opplysningane vert henta inn på ulike måtar. Ein viktig del av dette er kundeundersøkinga som vart avvikla i vår. Bente Nilsen er rask til å trekkja fram den gode gjengen med tilsette når det vert snakk om grunnlaget for både denne og tidlegare prisar.

- Vi har ein fantastisk gjeng, og dette hadde aldri gått om det berre hadde vore oss. Dei er det mest verdfulle vi har, seier ho om det, og legg til at alle sommarferievikarane som framleis bur i Kvinnherad, held fram som deltidstilsette.
- Nokre som studerer i Bergen, kjem også heim og jobbar deltid i butikken.

Bente Nilsen synes det er spesielt at to butikkar frå same kommune får to høgthengande prisar og gratulerer Eurospar Rosendal som årets servicebutikk.

- Det er veldig kjekt at Eurospar Rosendal vart årets servicebutikk for heile landet. Vi har eit veldig godt samarbeid med dei, og vi heiar på kvarandre og styrkjer kvarandre. Det er verkeleg kult at to butikkar frå same kommune gjer det så godt i konkurranse med butikkar frå heilt i sør til langt oppi nord, avsluttar ei stolt og fornøgd Bente Nilsen etter at butikken ho leiar har fått nok ein pris.

På vegne av alle fornøgde kundar oversender vi gratulasjonar. Det er så fortent, så fortent. Vi er glade og stolte

av å ha denne butikken i bygda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland